

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/14/11

av 26. mars 2004

## om godkjenning av systemet med overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er innført i medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar i samsvar med direktiv 64/432/EØF(\*)

[meldt under nummeret K(2004) 986]

(2004/315/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 14 nr. 5 første leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 64/432/EØF skal avls- og produksjonsdyr av storfe som er meinte for handel, granskast individuelt for tuberkulose, brucellose og enzootisk leukose, med mindre dyra har opphav i eller kjem frå ein medlemsstat eller ein region i ein medlemsstat som er offisielt godkjend som fri for den aktuelle sjukdommen, eller det er innført eit godkjent system med overvakingsnett for driftseiningar på territoriet til medlemsstaten.
- 2) Frankrike er godkjent som offisielt fri for bovin tuberkulose og enzootisk bovin leukose i samsvar med kommisjonsvedtak 2003/467/EF<sup>(2)</sup>, og 31. desember 2002 var 97,33 % av storfebuskapane offisielt frie for bovin brucellose.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 2002/907/EF<sup>(3)</sup> vert systemet med overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er innført i Frankrike i samsvar med rådsdirektiv 64/432/EØF, mellombels godkjent. I vedtaket er det fastsett at den mellombels godkjenninga av overvakingsnettet skal vurderast på nytt innan 30. april 2004.
- 4) Ein kontroll som sakkunnige frå Kommisjonen har utført, og relevant dokumentasjon som dei franske rette styresmaktene har lagt fram, syner at det er gjort framsteg når det gjeld å sikre full drift av det systemet med overvakingsnett for driftseiningar for storfe som er innført i Frankrike.

- 5) Det systemet med overvakingsnett for driftseiningar for storfe som er innført i Frankrike, bør difor godkjennast.
- 6) Ved kommisjonsvedtak 2002/544/EF<sup>(4)</sup> vert systemet med overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er innført i Belgia i samsvar med rådsdirektiv 64/432/EØF, godkjent.
- 7) Dei medlemsstatane eller regionane i medlemsstatar som har innført og godkjent eit system med overvakingsnett for driftseiningar for storfe i samsvar med direktiv 64/432/EØF, bør først opp i eitt einskilt vedtak.
- 8) Vedtak 2002/544/EF og 2002/907/EF bør difor opphevast og byttast ut med dette vedtaket.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dei systema med overvakingsnett for driftseiningar for storfe som i samsvar med artikkel 14 i direktiv 64/432/EØF er innførde i dei medlemsstatane eller regionane i medlemsstatar som er førde opp i vedlegget til dette vedtaket, er godkjende.

*Artikkel 2*

Vedtak 2002/544/EF og 2002/907/EF vert oppheva.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 100 av 6.4.2004, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2005 av 11. mars 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38 av 28.7.2005, s. 3

(<sup>1</sup>) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 21/2004 (TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8).

(<sup>2</sup>) TEU L 156 av 25.6.2003, s. 77. Vedtaket sist endra ved vedtak 2004/230/EF (TEU L 70 av 9.3.2004, s. 41).

(<sup>3</sup>) TEF L 313 av 16.11.2002, s. 32. Vedtaket endra ved vedtak 2004/88/EF (TEU L 24 av 29.1.2004, s. 72).

(<sup>4</sup>) TEF L 176 av 5.7.2002, s. 46.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. mars 2004.

*For Kommisjonen*  
David BYRNE  
*Medlem av Kommisjonen*

---

*VEDLEGG*

**Medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som har innført eit system med overvakingsnett for driftseiningar for storfe i samsvar med artikkel 14 i direktiv 64/432/EØF**

ISO-kode	Medlemsstat	Regionar
BE	Belgia	Heile territoriet
FR	Frankrike	Heile territoriet